



# Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studenttinget i Volda

**Hovudbodskap:** *Arbeidsutvalet og studenttingsmedlemmane utgjer Studenttinget i Volda. Drifta av tingen er avhengig av kvart enkelt medlem sin innsats.*

Alle medlemmer i arbeidsutvalet (AU) pliktar å fylgje STiV sitt arbeidsprogram, og elles arbeide for å utføre vedtak gjort av Studenttinget. Alle pliktar å vere aktive AU-medlemmar, mellom anna ved å møte på AU-møte ein gong i veka. Medlemene i arbeidsutvalet kan tildelast saker som ikkje har direkte med vervet å gjere, og pliktar å avlaste kvarande etter behov. Hovudoppgåva til samtlege er å sørge for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar på ein så rasjonell og effektiv måte som mogleg. Arbeidsutvalet skal vere støttespelar for solidaritetsarbeid som er retta mot studentar ved HVO. Etter nyval av eit medlem i AU skal AU konstituere seg sjølv.

Arbeidsutvalet i STiV er ansvarlege for faddervekestyret, og skal leggje til rette for at faddervekestyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av fadderveka. AU har også ansvar for å arrangere eit evalueringsmøte i etterkant av fadderveka, med representantar frå faddervekestyret og Studentsamfunnet i Volda, innan det andre studenttingsmøtet i studieåret. Skriftleg referat skal leggjast ved sakspapira til møtet.

## **Stillingar i arbeidsutvalet i STiV:**

- Leiar
  - Fagansvarleg
  - Informasjonsansvarleg
  - Velferdsansvarleg
  - Internasjonalt ansvarleg
  - Entreprenør- og næringslivskoordinator
- 
- *Nestleiar (vald blant medlemmane i AU)*
  - *Landsstyrerepresentant – utgår 31.07.15*
  - *Kontrollkomité (2 personar)*

## Leiar

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i STiV vert utført, og skal koordinere arbeidet til medlemene i arbeidsutvalet.
- Er hovudansvarleg for at vedtak fatta i STiV blir iverksette.
- Skal representere STiV utad på ein sakleg og ryddig måte.
- Har hovudansvar for mediehandtering. Leiar skal òg, saman med informasjonsansvarleg, sørge for at presseoppslag vert arkiverte.
- Er i praktisk forstand nærmaste overordna til organisasjonskonsulenten i STiV, og ansvarleg for denne sitt arbeidsmiljø.
- Skal ivareta og vidareutvikle kontaktnettet til STiV.
- Deltak på leiingsmøte, saman med nestleiar i STiV, leiinga ved HVO og leiinga ved Sfs.
- Er ansvarleg for den økonomiske styringa i STiV, og skal ha oversikt over alle transaksjonar.
- Er hovudansvarleg for at eit nytt studentting vert oppretta ved studiestart.
- Skal halde seg oppdatert på høgskulestyret sitt arbeid.
- Har det overordna ansvaret for utdelinga av Studentprisen, og sit i juryen for prisen saman med nestleiar i STiV og representantar frå leiinga ved HVO og Sfs.
- Er fast studentrepresentant i UH-nett Vest.
- Sit i redaksjonen for portalen StudiebygdA.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

## Fagansvarleg

- Sit i strategisk studienemnd ved HVO.
- Skal halde seg informert om studiekvalitetsarbeidet ved HVO.
- Skal fylgje opp fagrelaterte saker for STiV.
- Er kontaktperson for alle tillitsvalde, og har hovudansvar for studentrådet, som består av alle tillitsvalde.
- Har ansvar for å avvikle minst eit kurs for klasses tillitsvalde kvar haust.
- Har ansvar for å oppdatere innhaldet i tillitsvaldhandboka.
- Har hovudansvar for å gjennomføre minst eitt møte i studentrådet kvart semester.
- Har hovudansvar for å arrangere akademisk skrivekurs for studentar minst ein gong per semester.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

## Informasjonsansvarleg

- Er STiV sin første-nominasjon til valstyret ved HVO.
- Har ansvaret for alt informasjonsarbeidet og det grafiske arbeidet i STiV, herunder utforming av alt profilerings- og informasjonsmateriell.
- Har hovudansvar for å halde STiV si nettside og sosiale medium oppdaterte. Oppdatering skal skje ved behov, og minst ein gong pr. veke.
- Er hovudansvarleg for oppslagstavlene ved høgskulen, og skal sørge for at desse vert nytta i tråd med STiV sitt reglement.
- Skal saman med leiar i STiV sørge for at presse- og medieoppslag som omhandlar STiV vert arkiverte.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

## Velferdsansvarleg

- Sit i Læringsmiljøutvalet ved HVO.
- Samarbeider med Studentsamskipnaden for Sunnmøre for å vidareutvikle velferdstilbodet for studentane.
- Er kontaktperson for faddervekestyret.
- Er STiV sin kontaktperson for alle studentlag og organisasjonar ved HVO, og skal vere informert om støtteordningar, kontaktpersonar og anna relevant informasjon som angår desse.
- Har hovudansvar for å kalle inn til møte med studentlag og –organisasjonar minst ein gong per semester, helst innan utgangen av hhv. september og februar.
- Skal halde kontaktinformasjonen til lag og organisasjonar oppdatert.
- Er hovudansvarleg for å arrangere sosiale aktivitetar internt i STiV.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

## Internasjonalt ansvarleg

- Sit i internasjonalt utval ved HVO.
- Skal arbeide saman med internasjonalt utval for å sikre utanlandske studentar sine rettigheter på HVO, og arbeide for å sikre HVO sine studentar i utlandet.
- Skal arbeide for betre integrering og inkludering mellom internasjonale og norske studentar ved HVO.
- Skal vere bindeleddet mellom STiV og International Students Union (ISU) Volda.
- Skal halde seg oppdatert på moglege samarbeidspartnarar for STiV og HVO.
- Skal, så fremt det er muleg, orientere seg om HVO sitt utvekslingstilbod.
- Har hovudansvaret for samarbeidet mellom STiV, Pangaia og Internasjonalt kontor.
- Er hovudansvarleg for STiV sine oppgåver knytt til Norwegian Night, og skal sørge for at STiV oppfyller sin del av kontrakten knytt til arrangementet.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein måned etter endt verv.

## Entreprenør- og næringslivsadministrator

- Er STiV sin kontakt og talerør ut til det lokale nærings- og arbeidslivet, og skal arbeide for å fremje det lokale næringslivet sin posisjon i studentkvardagen.
- Skal samarbeide og bygge ein plattform for dialog mellom StudiebygdA – portalen, Sunnmøre Kulturnæringshage, Volda Næringsforum, Volda kommune, Høgskulen i Volda, Hoppid og VRI.
- Skal vere ein pådrivar for innovasjon og entreprenørskap i Volda, og fremje dialog mellom næringslivet og studentar og tilsette ved HVO.
- Har ansvar for å gjennomføre tiltak for å auke interessa for entreprenørskap hos studentane.
- Skal sjå på mulegheitene for å rekruttere studentar til ei arbeidsgruppe som skal arbeide opp i mot næringslivet.
- Skal sjå på mulegheitene for å opprette lokallag i Volda for Start Norge.

### ***Punkt som er felles for alle AU-medlemene i STiV:***

- Er underlagt STiV sine styringsdokument og vedtak, og skal arbeide og stemme i tråd med desse.
- Skal prioritere dette vervet framfor andre frivillige verv.
- Skal avlaste dei andre AU-medlemene ved behov.
- Skal levere utfyllande rapport seinast ein månad etter endt verv.

## ***Nestleiar***

- Vert vald mellom ein av dei fire styremedlemene.
- Skal fungere som leiar i denne sitt fråvær.
- Deltak på leiingsmøte saman med leiar i STiV, leiinga ved HVO og leiinga i SfS.
- Sit i juryen for Studentprisen, saman med leiar i STiV og representantar frå leiinga ved HVO og SfS.

## ***Landsstyrepräsentant (LS-representant)*** – *Utgår 31.07.15.*

- Sit i Landsstyret for Norsk Studentorganisasjon (NSO).
- Har hovudansvaret for STiV sin kontakt med NSO – *Dette punktet vil fom. 31.07.14 bli overført til leiar.*
- LS-representanten vert vald på siste studenttingmøte i studieåret, men trer ikkje i kraft før neste studieår.
- Vervet er uavhengig av dei enkelte styreverv i STiV, men LS-medlem kan møte på styremøte, og skal gjere det i høve landsstyremøta.

## ***Kontrollkomitéen***

Kontrollkomitéen til STiV består av to studentar som ikkje har andre verv i studentpolitiske organ tilknytt STiV. Medlem i kontrollkomiteen får kr. 200,- pr.mnd., utanom juli, i godtgjersle. Dette vert utbetalt som løn i slutten av kvart semester.

Kontrollkomitéen har fylgjande oppgåver:

- Delta på møta i Studenttinget.
- Skal føre kontroll med at STiV sine organ fylgjer gjeldande styringsdokument og fatta vedtak.
- Sjå til at STiV sine ressursar vert disponert i samsvar med budsjetta.
- Føre kontroll med gjennomføring av val der Studenttinget er valkrets.
- Delta på styremøte minst ein gong i månaden.